



Diktet

Paulus og kvinna

Paulus eingong eit fagnadord sa:
«Høyr kvinnor, no skal de tegja!»
Det er beint fram usømd de alltid skal ha
so overlag mykje aa segja.

Og treng de aa læra, so spør dykkar mann,
han er dykkar hovud og herre!
Um ei av dykk trur, at ho likare kan,
so er det no armod berre.

Og kvinna ho tagde i hundradaar
og trudde paa Paulus, sin herre;
men tanken og tvila voks aar for aar,
til Paulus vart menneskje berre.

Ho augna med kvart sitt menneskjeverd
og tanken fann ord og formar
so mjuke som bøner, so kvasse som sverd
– no fram i mot maalet ho stormar.

Eit samfund med rom aat kvar kvinne og mann
er maalet som lysande stiger,
ein heim aat kvart barn og ei livslukke sann
for det maal trur kvar kvinne paa siger.

SIGRUN OKKENHAUG

Ikkje alle dikt er til for det utseielege.
«Hvad ei med Ord kan nævnes / i det
rigeste Sprog / det Uudsigelige / skal Dig-
tet røbe dog», skreiv Welhaven – det har
vore eit program for både diktarar og litte-
raturvitarar av ei heller metafysisk skole-
ring. Sigrun Okkenhaug er ikkje interessert
i det utseielege. Av og til er det naudsynt
å banke ein bodskap inn med rim og rytme.
Det gjer dette diktet (frå *For Bygd og By* nr.
6/1918) – som må kallast kvinnesak på vers.

Sigrun Okkenhaug (1889–1939), gards-
kone frå Levanger, er mest kjend som
barneboksforfattar, men ho var eit grepa
kvinnfolk som dreiv med mangt på si:
Ho hadde gått på folkehøgskule, der den
åndeleg-politiske orienteringa vart vekt. Ho
engasjerte seg i sanitetsforeiningar, mållag,
fattigkommissjon og ikkje minst kvinnesak:
I *Den vene skåla* (1935) drøfter ho noko så
kontroversielt som abort, og dét i 1935.

Ved stortingsvalet i 1936 stod ho på
Venstres liste i Nord-Trøndelag. I den sosi-
alt engasjerte *Helga* (1925) skriv ho om ei
fjorten år gamal jente som måtte ta ansvar



Jan Erik Vold og Vigdis Ystad

skriv kvar veke om norske dikt
dei set pris på.

for syskenflokken då mor døydde. Dess-
verre kom boka til å bli ein spådom om
henne sjølv: Ti av dei elleve borna hennar
voks opp, men Sigrun døydde frå dei 49 år
gamal i 1939. Eit av borna vart komponis-
ten Paul Okkenhaug.

Kvinnesaksdikt er kanskje det mest
attraktive i dag. Vi ser desse 1920-tals-pione-
rane framfor oss: strenge matroner med vid
blomsterkjole, sjal og hatt. Om diktet ikkje
er perfekt, med omvend ordstilling, funge-
rer det likevel til sitt føremål: Rima er ikkje
originale – «herre – berre», «tegja – segja»
– men har slagkraft: kontrasten «herre –
berre» blir teken opp att to gonger.

Og ikkje minst: Pauli strenge ord til
kvinnene (1 Kor 14,34–36) har ikkje mist
autoritet. Om kvinnefrigjereringa har hatt
framgang i store delar av kristendomen,
finst det abrahamittiske religionar der
kvinnene enno skal «tegja» i forsamlinga,
og elles i samfunnet. Malala Yousafzai ville
ha samtykt i Okkenhaugs dikt.

RONNY SPAANS